

**God påmelding til Uppskoka**

20.11.2014

**Ei oppsummering i går kveld synte at det var god påmelding til Uppskoka i Dønhaugkjedlaren på laurdag. Det er enno plass, men vær rask med påmelding.**

Programmet går etter oppsett plan. Gjestearartist er Øyvind Sture med eigenproduserte tekstar og melodiar. Han førebur CD-slepp til våren. På laurdag får vi eit fyrste møte med ei nytt talent frå Uskedalen.

Det vert innslag av Helge Michael Røssland og medlemene i Humlepungen Bryggjarlag vil sjølve stå for kåseri, allsong, quiz og servering.

Alt ligg til rette for ei god og innhaldsrik Uppskoka.

Påmelding skjer slik det før er kunngjort her på sida uskedalen.no

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen